

KJELDE-CD 2

Trøndelag folkemusikklag

Trøndelag Folkemusikklag er eit regionlag i Landslaget for Spelemenn og organiserer spelmannslag og einskildpersonar i Trøndelagsfylka. Laget har dette føremålet:

Trøndelag folkemusikklag skal arbeide for folke-musikk og dansetradisjonar. Laget skal ta vare på og bruke dei lokale tradisjonane i slåttospel, annan vokal og instrumental folkemusikk og dans.

I samsvar med dette vil Trøndelag folkemusikklag lage ein serie kjeldekassetar /CD-ar for presentere eit utval av opptak med utøvarar frå alle distrikt i Trøndelagsfylka.

Meininga med denne serien er at interesserte skal finne att tradisjonen frå lokalmiljøet og studere spelemåte, melodiføring, tonalitet og rytme.

Første utgiving kom på kassett i 1991 og omfattar Fosen som er kystområdet frå Osen til Hemne. Denne andre utgivinga på CD, femner frå Oppdal til Orkdal.

Stoffet til denne utgivinga ligg arkivert hos Norsk senter for folkemusikk og folkedans. NRK-opptaka med Knut Volløyhaug og Ragnvald Bolme (NRK Sør-Trøndelag) er kopierte via DAT frå original. Norsk Folkemusikksamling har gitt ny kopi av opptaket med Leif Halseth. Opptaka med Ola Nerlo, Olav Ivar Rise, Sigurd Aalmen og Hakon Vognild er kopierte frå Folkemusikkarkivet til Oppdal spell- og dansarlag. Elles er alt materialet henta frå Rff sine samlingar.

Vi takkar alle desse og andre som har hjelpt oss med å få dette til.

Olav Mogstad

Slåttospel frå Oppdal til Orkanger

Oppdal og bygdene frå Rennebu til Orkanger representerer knapt eit område som klart har like tradisjonar i slåttospel. Når Trøndelag folkemusikklag i samråd med Rådet for folkemusikk og folkedans, Rff-senteret, har valt å lage ein eigen CD-produksjon med arkivopptak av slåttemusikk frå desse bygdene, har dette også ein del med praktiske og geografiske tilhøve å gjera. Det finst likevel ein del fellestrekk i tradisjonsområdet. Det gjeld ikkje minst ein del av slåttorepertoaret og til ein viss grad spelestilen.

Oppdal, som er eit sentralt trafikknutepunkt, har fått musikkimpulsar frå fleire distrikt. På 1800-talet fekk mange Oppdalsspelmenn musikkopplæring i Trondheim, ikkje minst i klarinettspel og notar. Når dei returnerte, hadde dei med seg nytt repertoar frå byen. Fleire slåttar har frå

gamalt funne vegen frå Nord-Gudbrands-dalen over Dovre med omvandrande spelmenn. Storspelmannen Loms-Jakob var fleire gonger i Oppdal. Da Dovrebanen vart bygd, kom spelmenn frå ulike distrikt til Oppdal. Vi veit m.a. at folk frå Ålen- og Rørosområdet som spela fele og trekkspel, var med på anlegget, og det finst bevart slåttar etter desse spelmennene. Oppdalspelmennene har elles alltid hatt mer kontakt med felespelarar i Kvikne og Rennebu, og her har slåtteutvekslinga vore stor.

I nyare tid har tre innflyttarar stått svært sentralt innan spelmannsmiljøet i Oppdal. Det gjeld Asbjørn Blikken frå Skjåk, Melvin Tronsgård frå Follidal, han er bror til den kjente spelmannen Thorvald Tronsgård, og Einar Høsøien frå Røros. Alle tre var med i Oppdal Spelemannslag dei første åra etter at laget vart stifta i 1959.

Når det gjeld spelestilen i Oppdal, tyder mykje på at sambandet til dei indre nordmørsbygdene har vore svært sterkt. Spelmannen Hallvard Ørsal var f.eks. ofte i Oppdal og spela bade i bryllaup og i andre samanhengar. Sprengleken i Oppdal har ofte ein tendens til å bli spela med eit litt for tidleg andre taktslag, eit fenomen vi også finn i fleire bygder på Nordmøre. Det gjeld spesielt i Todalen og til ein viss grad i Sunndalen. Dette fellestrekket er kanskje ikkje sa uventa, etter som ferdselsvegen frå Oppdal til Nordmøre tidlegare gikk via Storlidalen og Tovatna over fjellet til Todalen eller Innerdalen.

Det eldste slåtterepertoaret i Oppdal består for det meste av sprenglekar. Vi finn bl.a. minst fem ulike variantar av dei kjente hurv-slåttane i Oppdal, og vi har nokre sprenglekar som blir spela i posisjon. Ein og annan halling har også vore spela fram mot våre dagar, og det finst eit lite utval av bruremarsjar. Enkelte oppdalsslåttar har elles eit litt udefinert preg og er kanskje heist ei form for lydarslåttar som har utvikla seg frå vanlege danseslåttar. Det er særleg dei eldre opptaka med Ola Nerlo som inneheld slike slåttar.

Ein og annan polsslåtten eksisterer også i Oppdal, i hovudsak som eit minne frå anleggstida. Elles er runddansslåttane mange og varierte. Fleire av valsane og renglenderane har eit alderdomleg preg bade i oppbygging, melodiføring og tonalitet. Dette kan indikere at desse slåttane opprinneleg har vore eldre melodiar som visetonar, bruremarsjar eller hallingar, som seinare er blitt omforma i a med skiftande molar. Polkamasurkaen finn vi i Oppdal i ein særprega variant med namnet polka med støt knytta til seg. Polka- og parisarslåttar i todelt takt har vi også mange av.

Slåtterepertoaret og spelestilen i dalføret frå Berkåk og ned til Orkanger har gjerne eit noko yngre preg enn det vi finn i Oppdal. Her er tonaliteten svært ofte dur- eller mollprega, utan avvikande intervall (svevetonar), og melodiføringa er dominert av nyare stiltrekk som bl.a. treklansoppbygging. Dette gjeld likevel ikkje heile materialet, og i opptaka med Knut Volløyhaug og Ole Løseth finn vi enkelte eksempel på eit noko meir alderdomleg spel.

Som i Oppdal, finn vi i Rennebu og Meldal ein og annan hallingslått som er bevart, men det er polsen som dominerer det eldre slåtterepertoaret. Skiljet mellom bruken av namna sprenglek og pols gar gjerne omkring Ulsberg. Men namnebruken treng ikkje bety at det rører seg om ulike slåttar. Ein god del av repertoaret er, som vi for har vore inne på, felles for det meste av området. Men vi finn likevel typiske sprenglekslåttar i Oppdal som vi ikkje kan vente å møte i

Meldal, og vi finn spesielle polsar i Rennebu, Meldal og Orkdal som ville stå fram som totalt framandarta i Oppdal. Nar det gjeld sjølve dansen, er det eit relativt klårt skilje mellom oppdalssprengleken og meldalspolsen. Takten i polsslåttane i Meldals- og Orkladalsfjøret er elles, i motsetning til i Oppdal, gjerne jamn og symmetrisk. I slåtterepertoaret i dette området finn vi elles bruremarsjar, visetonar og runddansslåttar som vals, renglender, polka (polkamasurka) og parisar.

I Oppdal har fleire spelmenn spela litt på hardingfele på si. I bygdene frå Rennebu og ned mot fjorden har dette instrumentet vore mest einerådande i århundret vart. Hardingfela spreidde seg omkring 1900 utover dei indre Nordmørsbygdene og fann snart vegen til Meldal og Orkdal. Gjennom 1920-åra hadde hardingfela overtatt heilt. Årsakene til at hardingfela breidde seg, var nok mange. Instrumentet vart på denne tida sett på som eit sterkt nasjonalt symbol. Mange omreisande, konserterande hardingfelespelmenn ga instrumentet prestisje, og skulle du hevde deg på kappleikane, matte du traktere hardingfele. Svært mykje hadde det også å seie at den kanskje mest kjente spelmannen på Nordvestlandet, Hallvard Ørsal, i hovudsak gikk over til hardingfele. I dei seinare ara har hardingfela vore på retur, og den vanlege fela er igjen blitt teken i bruk. Det har også vore gjort forsøk på å kombinere dei to feletypene ved å konstruere ein mellomting, ei form for fiolin med understrenger. Eit slikt instrument har vore lansert av felebyggaren Mikal Hagestrøm på Løkken under namnet Meldalsfele.

Spelmenn i Meldal og Orkdal har frå gammalt av hatt svært god kontakt med felemiljøa i dei indre nordmørsbygdene, og fleire spelmenn frå Rindal og andre bygder på Nordmøre har busett seg i Meldal og Orkdal. I tillegg har slåtteutvekslinga bygdene imellom vore omfattande. Tidleg på 1900-talet utvikla det seg i desse områda ei heilt spesiell form for hardingfelespel. Tidlegare feleslåttar vart gradvis endra for å passe betre til spelemåten på hardingfela. Fleire slåttar vart også laga i denne stilen av Hallvard Ørsal og andre. I tillegg dukka det opp, delvis via notar, ei rekke hardingfeleslåttar, i hovudsak frå Vestlandet, som meir eller mindre vart direkte overtekne av spelmenn på begge sider av fylkesgrensa. Saman med desse slåttane kom også springdansnamnet inn i felemiljøa som typenamn på slike slåttar. Det galdt bade dei eldre, tradisjonelle vestlandsslåttane og dei nykomponerte slåttane i tilnærma hardingfelestil, slik som f.eks. springdansen Gautfall'n, laga av Ragnvald Bolme.

Litt om dei mest kjente spelmennene

Ola Nerlo (1888-1960)

Ola levde og budde alle sine dagar på Nerlo i Drivdalen. På den tida var det mange aktive og gode spelmenn der i lokalmiljøet, som t.d. næraste grannen, Jo Nordigard Loe, som han spela mykje saman med. Det var vel og god grunn til å tru at han hadde mykje omgang med ein annan drivdalsspelmann, Ola J. Rise. Desse to er vel dei viktigaste kjeldene for den tradisjonsmusikken som i dag blir ført vidare i spelmanntiljøet i Oppdal.

Omframt hopehavet med lokale tradisjonsberarar, var det mang ein farande spelmann som tok inn på Nerlo og bytte slåttar med Ola. Av dei flittigaste gjestene var Hallvard Ørsal – "Todalingen". Desse karane heldt nok mang ein konsert for kvarandre og bl.a. dette hopehavet er ein forklaring på at det finst felles slåttmateriale i Oppdal og på Nordmøre.

I 1953 spela Ola Nerlo inn mange slåttar på lydband. Dette har vore svært viktig for yngre spelmenn i Oppdal og for andre som er interessert i å lyde på og studere alderdomleg slåttspel. Det er interessant å høre likskapen mellom mange av desse slåttane og slåttar som er sagt å vera etter Hallvard Ørsal.

Olav Ivar Rise (f. 1912)

Som tradisjonsberar av slåttspel i Oppdal, er Olav Ivar Rise uvurderlig. I fleire generasjonar har det vore spelmenn i familien hans, og han lærte den gamle musikken og historia om han av faren, Ola J. Rise, som i sin tur lærte av far sin, Jon Evensen Mjøen. Olav Ivar har vore ein dugande spelmann og har delteke på nokre kappleikar. M.a. vann han klasse B på ein distriktskappleik i Vingelen i 1963. I kappleiksamanhang er han vel likevel best kjent som dommar. Han vart svært ofet engasjert til å fungere som dommar på både lokale kappleikar og på landskappleikar.

Han var i fleire tiår ein sentral person i musikklivet i Oppdal, både innan klassisk musikk, janitsjarmusikk og ikke minst innan folkemusikken. Såleis var han med å stifte Oppdal Spelemannslag, som laget heitte den gongen i 1959 og vart den sjølvskrivne, første musikalske leiaren i laget.

Olav Ivar Rise har lagt ned eit stort arbeid med å samle og å skrive ned slåttemusikk frå Oppdal. I 1978 ga han ut samlinga "Slåttspel i Oppdalsbygda" som óg inneheld nednoteringar av slåttar som er samla av andre. Denne notesaminga er verdifull for ettertida, og slåttane frå samlinga blir i dag mykje nytta av spelmannsmiljlet i Oppdal.

For det lange og verdifulle arbeidet for folkemusikken, vart Olav Ivar Rise i 1994 utnemnt til heidersmedlem i LfS. Han er sjølv sagt óg heidersmedlem i Oppdal spell- og dansarlag!

Knut Volløyhaug (1881-1954)

Knut Volløyhaug representerer ein familietradisjon som står heilt sentralt i folkemusikken i Meldal. Han var ein av seks brør, i tillegg til søstra Ane, som alle spela fele. Dei voks opp på "Øyahaua" i Vollagrenda. Far til søskenflokket, Ingebrigt (f. 1846), og bror hans, Jo (f. 1868), var også spelemenn. Knut sin eldste bror, Arnt (1875-1969), var far til Lars Volløyhaug (1919-1987) som også er representert på denne samlinga (kutt 30-31). Lars sin bror, Ingebrigt (f. 1913), er idag eldstemann i Meldal spellmannslag. Knut Volløyhaug vart, ved sida av Lars Nordvoll (1890-1932) (kutt 30), rekna som den mest drivne av spelmennene i denne generasjonen. Desse karane skaffa seg begge hardingfele rundt 1910, og Knut fekk i starten opplæring av Nordvoll. Knut blir framstilt som ein svært "unnselinj" kar, og det har vorte sagt at han spela best når han var åleine. Hardingfela hans var laga av felemakaren Knut Ø. Rudi (1878-1972), Oslo, opprinneleg frå Valdres. I 1952 var Knut

Volløyhaug i NRK i Oslo for å spela inn slåttar frå Meldal. Det blir fortalt at han hadde med seg hardingfela si, men ikkje fekk lov til å bruke den til innspelinga. Slåttespel i Meldal vart jo frå gammalt av framført på vanleg fele! Knut måtte difor spela på ei lånt fele, og det gjekk ut over resultatet. Han spela inn 38 slåttar den gongen, og 6 av dei er tekne med på denne produksjonen.

Ragnvald Bolme (f. 1927)

Ragnvald Bolme må reknast som nestor i folkemusikkmiljøet i Meldal i dag. Faren var rindaling, mora frå Tustna, og Ragnvald vart fødd i Stangvik på Nordmøre. Då han var 3 år gammal, kjøpte foreldra garden Holum mellom Vollagrenda og Storås, og sidan har han budd der. Han lærte først å spela av far og farbror sin. Sidan lærte han slåttespel av Knut og Arnt Volløyhaug, Sivert Mikkelsen (1884-1955) på Storås og Olav Budeng (1905-1968) på Rennebuskogen. Han var med og starta Meldal spellmannslag i 1956, og leia laget saman med Lars Volløyhaug til det vart lagt ned i 1970. Då laget vart starta opp att i 1988, heldt han fram som musikalsk leiar. På tilsvarande måte som Knut og Lars Volløyhaug, har Ragnvald tileigna seg hardingfelemusikk frå Vestlandet og Telemark. Han må elles kunna seiast å ha eit personleg "drag" over spelet sitt, noko som kjem godt fram m.a. i dei 3 fine valsane han har komponert. På arkivinnspelingar han har gjort, brukar han stort sett hardingfela si, men vi har teke med eit kutt der han spelar meldalsfele. Den brukar han til dagleg i spelmanslaget, der resten av felespelarane no brukar vanleg fele.

Litt om slåttane

- Ola Nerlo (1888-1960), fele:** Sprenglek i 3.-posisjon.
Både opptak med Ola Nerlo og nednoteringar etter ham, viser at han hadde svært mange krevjande slåttar på repertoaret sitt. Her er ein av desse.
- Ola Nerlo, fele:** Sprenglek.
Denne finst i ei omtrent likeins form på Nordmøre med namnet "Gammel-pottbuttul'n".
- Ola Nerlo, fele:** Renglender.
Denne blir spela på ein alderdomleg måte og er eit døme på ein vandreslått som finst andre stader i ei noko anna form.
- Ola Nerlo, fele:** Vals etter Hallvard Ørsal.
Eit døme på slåtteutveksling etter eit Ørsal-besøk på Nerlo. Ola var mykje nytta som spellmann i bryllaup og andre lag. Han var fast spellmann for Drivdalen UL. Han hadde ord på seg for å ha svært god danseappell i spelet sitt.

5. **Ola Nerlo, fele:** Sprenglek.

Sprenglek var ein mykje bruka dans i Drivdalen før "anleggstida" rundt 1915. Med anleggstida kom det mykje framande folk til dalen, og "slusken" sette etter kvart farge både på dans og spel. Slåtten skiftar mellom C-durpreg og kyrkjetonearten D-dorisk.

[1-5: Opptak T. Skjøtskift 1953, Rff 931 og Oppdalsarkivet]

6. **Hallvard Bjørndalseter (f. 1909), fele:** Vals

Lært av faren, Sjur Bjørndalseter. Slåtten er kjent i Øsal-reportoaret.

7. **Hallvard Bjørndalseter:** Sprenglek

Lært av faren, Sjur Bjørndalseter. Hallvard har lært dei fleste slåttane sine av faren, som ikkje var spelmann, men ein svært god songar og trallar. Attåt dette var han kjent som ein av dei beste sprengleksdansarane i si tid. Det er kanskje ikkje så underleg at dansarane i dag gjerne vil ha "Hallvardlekje" når dei skal danse sprenglek? Dette er ei form av slåtten som i Røros-området blir kalla "Storhurven".

[6-7: Opptak E. Viken 1972, Rff 1027]

8. **Olav Ivar Rise (f. 1912), fele:** Sprenglek etter Hauråkjam.

O. I. Rise seier at slåtten skal vera etter Ingebrigt Olsen Løkken (1771-1847), eller "Hauråkjinn" som han vart kalla i daglegtale. "Hauråkjinn" er den eldste spelmannen i Opdal som ein kan seie at det finst att slåttar etter. Han var ein særst omtykt spelmann og stod høgt i kurs som musikal både blant folk flesk og hos presten Rønnau som nytta denne spelmannen til å spela attåt salmesongen i kyrkja. Slåtten blir på Nordmøre kalla "Hoinnjennjar'n".

9. **Olav Ivar Rise, fele:** Sprenglek etter Ola J. Rise.

Eit døme på dialektlikskap mellom slåttetradisjonar i Oppdal og Gudbrandsdalen.

[8-9: Privatopptak ca. 1985, Rff 930 og Oppdalsarkivet]

10. **Melvin Tronsgård (1912-1971), fele:** Renglender.

Melvin lærte opphaveleg denne av Torvald, bror sin, som ung heime i Folldal. Han har spela inn både a- og d-moll-versjonar av slåtten, og han seier at han har vore mykje brukt både i Folldal og Oppdal. På Nordmøre har slåtten namnet "Litj-rilennjar'n". Melvin var fødd i Folldal, men budde mesteparten av sitt vaksne liv i Oppdal og var der ein sentral person i folkemusikkmiljøet.

[10-11: Opptak O. Aavik 1963, Rff NFMI | 341]

11. **Sigurd Ålmen (1903-1964), fele:** Sprenglek.

Sigurd var ein svært mykje bruka dansespelmann og mange av slåttane etter han er populære på dansegolvet. Slåttetradisjonen hadde han etter far sin, Ola Aalmen. Slåtten finst i fleire former i Ottadalen (jfr. "Vigstamoin"), og er elles kjend som "Grøli-slåtten" i tradisjon frå Sunndal.

[Opptak I. Aalmen 1962, Oppdalsarkivet]

12. **Ole O. Rise (1899-1967), trekkspel:** Pariser etter Jo Nordigard.

Eit nytt døme på slåttospel fra Drivdalen. Ole spela i lag med Ola Nerlo og Jo Nordigard og desse karane sat inne med mykje felles slåttestoff.

[Privatopptak tidleg 1960-tall., Rff 963]

13. **Leif Halseth annonserer**

14. **Leif Halseth (1910-1997), fele:** Fandens polsdans.

Eiga form, på trollstemt. Leif presenterte denne varianten første gongen offentleg på landskappleiken i Molde i 1966, og den gjorde stor lykke hos publikum. Blant publikum var den kjente amerikanske fiolistinna Camilla Wicks, som straks etter tevlinga tok kontakt med Leif slik at ho kunne få skriva ned slåtten som ho tykte sært godt om og som ho meinte var framført på ein elegant måte. Ho har norsk far.

[Opptak M. Tronsgård 1966, Rff NFMI I 494]

15. **Ola Nerlo, fele:** Sprenglek etter Fant-Fredrek.

Det er sagtat Ola Nerlo knapt var utom garden og grenda heime i Drivdalen. Dersom nokon ville spela saman med han, så måtte dei komme til Nerlos! Der har truleg også Fant-Fredrek vore.

16. **Ola Nerlo, fele:** Sprenglek.

Sjølv om fleire av slåttane med Ola Nerlo har stor likskap med slåttar etter Hallvard Ørsal, som han sikkert lærte mang ein slått av, har Ola Nerlo sin personlege stil og klart alderdommerleg tonalitet i spelet sitt. Denne er på Nordmøre idag kjend som "Stor-Løsetinj".

17. **Ola Nerlo, fele:** Vals.

Slåtten er bruka på Nordmøre, der han går under namna "Søtvalsen hass Hallvard" (Ørsal) og "Saftsupå". Hans Dønnåli (1898-1991), Oppdal, har plystra inn ei noko anna form av denne valsen på lydband. Han hadde lært han i konfirmasjonsalderen av spelmannen Jo Prestmo.

18. **Ola Nerlo, fele:** Bruremarsj.

Vi har valt å rekne dette som ein bruremarsj sjølv om han verkar hallingaktig i melodien og takta kanskje minner om pariser. Det er elles ikkje noko historie omkring denne slåtten.

19. Ola Nerlo, fele: Sprenglek.

Denne slåttan er ei anna form av den polsen som i Rørostraktene blir kalla "Litjhurven". På fela til Ola Nerlo er dette ein god danseslått for sprenglekdansarane i Oppdal.

20. Ola Nerlo, fele: Polka med støt.

Denne slåtteforma, som er ein type masurka, finst det mange av i Oppdal. I Oppdal er derimot ikkje nemninga "pols" brukt til nokon slått av eldre dato.

21. Ola Nerlo, fele: Renglender.

Her kan ein høre bruk av ein nyare type tonalitet, klart durprega (a-dur), men heller ikkje her veltemperert. Såleis skil denne slåttan seg litt ut frå resten av dei vi har valt ut med Ola Nerlo.

[15-21: Opptak T. Skjøtskift 1953, Rff 931 og Oppdalsarkivet]

22. Håkon Vognild (1904-1988), hardingfele: Vals etter Spellmanns-Fredrek.

Håkon Vognild let etter seg ein svært stor samling med lydband og notar, som no finst i arkivet til Oppdal spell- og dansarlag. Han har gjort opptak med seg sjølv og spela inn ei rad med sjeldne leikar og han har skreve ned på notar bortimot tusen leikar og melodiar. Håkon Vognild spela både vanleg fele og hardingfele. Hardingfela har ikkje vore særleg mykje nytta i Oppdal sjølv om fleire spelmenn skaffa seg dette spennande instrumentet.

[Privatopptak 1970-t., Oppdalsarkivet]

23. Ivar Innerdal (f. 1934), fele: Pols etter Olav Budeng.

Olav Budeng på Rennebuskogen. Olav Budeng kjente mykje av den gamle tradisjonsmusikken på Berkåk og Innset og har samla mange slåttar derifra og skreve dei ned på notar. Han var i mange år aktiv i Meldal spellmannslag. Ivar Innerdal har i mange år vore medlem i Oppdal spellmannslag.

[Opptak B. Aksdal og B. Flor 1984, Rff 1336]

24. Jon Resel (1898-1977), hardingfele: Halling etter Knut Volløyhaug.

Dette er ein av slåttane som Knut Volløyhaug spela inn for NRK. Her blir det oppgjeve at han er etter faren Ingebrigt Volløyhaug. Jon Resel var meldaling, men busette seg i Rennebu. Han spela i yngre år mykje saman med Knut, og gjekk over frå vanleg fele til hardingfele. Han var med og starta spelmanslaget i 1956.

[Opptak H. Huldt-Nystrøm 1968, Rff MIT 4]

25. Knut Volløyhaug (1881-1954), fele: Halling.

Slåttan står i NRK si eiga registrering oppført som "Halling etter Jo farbror", altså Jo Volløyhaug. Knut spela inn 2 hallingar under denne innspelinga i 1952.

26. Knut Volløyhaug, fele: Vals.

Vals er den dansetypen Knut Volløyhaug spela inn flest av, i alt 14 i talet.

27. Knut Volløyhaug, fele: Renglender.

Her kan ein høyre eit døme på at dei eldre utøvarane ikkje var redde for å "klatre" opp i posisjon.

28. Knut Volløyhaug, fele: Polka.

Denne står oppført som polkamasurka i NRK-registreringa. Jon E. Resel fortel i intervju at denne danse- og slåtteforma vart kalla for polka.

29. Knut Volløyhaug, fele: Skottenes hjemve, vals.

Her kan ein høyre bruk av eldre tonalitet. Slik slåtten er kjend i dag, både som "Nordsetervalsen" i Gudbrandsdalen, og slik Hilmar Alexandersen spela han (1.-veket), vil han bli oppfatta som ein d-mollslått. I Knut si framføring kan ein spesielt leggje merke til 3.-trinnet i d-skalaen som blir intonert ein stad mellom f og f^{is}. Ragnvald Bolme seier at han rekna slåtten som ein mollslått.

30. Knut Volløyhaug, fele: Pols.

Denne slåtten må vel oppfattast som ein d-durslått. Det ser ein også i nedteikninga til O.M. Sandvik der slåtten blir kalla "Pols etter Ellein Holstad (form etter Knut Volløyhaug)". Ragnvald Bolme har også denne på reportoaret sitt. Han seier at slåtten i spelmanslaget vart kalla "Holsto-polsen", og Ragnvald varierer mellom dur- og mollpreg i si framføring. Slåtten finst også innspela med todalingen Leif Halse, som polsdans frå Meldal, og han spelar han i moll. Eit døme på kva som skjer når slåttane vandrar frå spelman til spelman.

[25-30: Opptak 1952, NRK Magn 945-946]

31. Lars Volløyhaug (1919-1987), hardingfele: Farvel til Meldal, lydarslått av Lars Nordvoll.

Lars Volløyhaug har truleg rekna denne som ein reinlender. Knut Volløyhaug spela han også inn, men her står han notert som gangar. Ragnvald Bolme kan stadfeste at slåtten har vore rekna som reinlender, men framført som lydarslått.

32. Lars Volløyhaug, hardingfele: Pols.

Dette er Lars si eiga form. Ragnvald Bolme fortel at det opphaveleg var ein springar som stod i eit notehefte, og at han i nyare tid har vorte kalla "Litj-polsen".

[31-2: Opptak O.K. Ledang 1977, Rff MIT 340]

33. Meldal spellmannslag: Renglender.

Dette skal også vera meldalsslått. Ragnvald Bolme fortel at dei i spelmanslaget kalla han "Snuruås-slåtten", og at han truleg er laga av Jo Snuruås, bror til Knut Volløyhaug. Medlemmene i laget på dette opptaket var: Ragnvald Bolme, Jon Resel, Olav Budeng og Johan Nordvoll (hardingfeler), Nils Snoen (trekkspel) og Oddmund Fagerli (gitar).

[Opptak A. Grut 1963, Rff MIT 279]

34. Emma Hellmann (1884-1967), gitar: Reinlender.

Dette opptaket må kunna seiast å vera ein skikkeleg kuriositet. Emma Hellmann budde på Løkken, men var opphaveleg frå Hemnesberget i Nordland. Ho spela til dans i ungdomstida, og vart seinare med i Frelsesarmeen. I Meldal spela ho ein del på festar og basarar. På dette kuttet brukar ho "open" stemming på gitaren, truleg D-G-d-g-h-d, og på opptaka både syng ho og spelar gitar og mandolin. Ho spela også litt fele, og på opptaket finst ein 3-veks rundvals (også spela på gitar) som er velkjend i Trøndelag.

[Privatopptak tidleg 1960-talet., Rff MIT 328]

35. Ole Løseth fortel om Ellein Holstad og "Rarinj", og annonserer slåttan

36. Ole Løseth (1897-1978), fele: Ha du sjett nå te rarinj?, pols.

Etter Ellein Holstad (1772-1830). Dette er den andre slåttan på denne CD-en (jfr. kutt 29) som skal skrive seg frå Meldal sin storspelmann i eldre tid. Løseth fortel sjølv saga om slåttan. Elles er han kjend på Nordmøre som "Rarinj", men i ei anna form. Løseth er opphaveleg rindaling. Far hans kjøpte i si tid ei fele av Ola Kvande ("Gråvinn"), og Ole hugsa sjølv at storspelmannen frå Stangvik var på besøk. Hallvard Ørsal var også innom fleire gonger. Ole hadde ein eldre bror, Lars, som han lærte slåttar av. Han busette seg i Orkdal, og tok til å besøke Knut Volløyhaug for å lære slåttar av han. På sine eldre dagar flytta han til Løkken. Løseth rekna bygdene i grensetraktene mellom Nordmøre og Trøndelag som eit felles tradisjonsområde.

37. Ole Løseth, fele: Matnø'a, visetone.

Etter Johannes Aasmo (1880-1950) frå Stamnan i Rennebu. Løseth fortel at han lærte melodien og tok vare på teksta slik Aasmo song ho. Visa er frå militæret i eldre tid, og handlar om at det var så elendig med kosten.

[35-37: Opptak M. Tronsgård 1969, Rff NFMI II 20]

38. Ragnvald Bolme (f. 1927), hardingfele: Gautfall'n, springdans.

Denne har Ragnvald komponert i den stilen som han har tileigna seg hardingfelemusikken i. Ragnvald representerer på denne plata den nyare delen av meldalstradisjonen.

[Opptak I. Mogstad 1990, Rff video 238]

39. Ragnvald Bolme, meldalsfele: Råkjinj, renglender.

Av Ragnvald Bolme. Ragnvald fortel at namnet på slåttan kjem av at det er ein hage oppi marka ovanfor garden hans som kallast Råkhåggånj. Instrumentet han spelar på, er Meldal sin lokale variant av hardingfela, laga av Mikal Hagestrø. Slik som andre stader i landet, har det vore laga instrument med felemensur og hardingfeleklang som ein kan spela lokale feleslåttar på.

[Opptak 1978, NRK STM 339 og Rff 1179]

40. Ragnvald Bolme, hardingfele, og Ola Gulla (f. 1927), trekkspel: Pariser frå Rindal.

Slåtten har truleg Ragnvald etter far sin, Ole. Her hører vi Ragnvald Bolme i friskt samspel med ein gammal spelmanskamerat. Dei to spela mykje til dans og underhaldning på 1970- og 80-talet.

[Opptak R. Aune 1975, Rff MIT 478]

NRK-opptaka med Knut Volløyhaug og Ragnvald Bolme (NRK Sør-Trøndelag) er kopierte via DAT frå original. Takk til Norsk folkemusikksamling for ny kopi av Leif Halseth! Opptaka med Ola Nerlo, Olav Ivar Rise, Sigurd Ålmen og Håkon Vognild er kopierte frå Folkemusikkarkivet til Oppdal spel- og dansarlag. Elles er alt materialet henta frå Rff sine lydsamlingar.